

Notat – nr. 1/2021

Hilde Muren

Medstudentrettleiing



Forfatter	Hilde Muren
Ansvarleg utgjevar	Høgskulen i Volda
ISSN	1891-5973
Sats	Forfattar
Distribusjon	http://www.hivolda.no/

Medstudentrettleiing.

© Forfattar/Høgskulen i Volda

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Høgskulen i Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

Om notatserien

Ulike slag publikasjonar av mindre omfang, t.d. forprosjektnotat, papers, artikkelutkast o.a. Eit hovudføre mål med serien er å stimulere til publisering og fagleg debatt i miljøet. Kvar forfattar er ansvarleg for sitt arbeid, og dekan skal vere orientert om utgjevinga på førehand. Manusset må vere gjennomarbeidd med omsyn til språk og struktur.

Ord til lesar

I denne teksten deler eg erfaringar med studentmedverkande formativ vurdering, i teksten omtalt som medstudentrettleiing. Erfaringane er knytt til arbeidskrav i emnet «Leiing, samarbeid og utviklingsarbeid» (LSU) i tredje studieår i barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen i Volda.

Forskingsspørsmålet har vore: Korleis kan medstudentrettleiing brukast får å støtte studentar til å ta meir ansvar for eigen og andre si læring?

31.12.21, Hilde Muren

Innhald

Ord til lesar	3
Innleiing	5
Medstudentrettleiing som studentmedverkande formativ vurdering	5
Kva har blitt gjort?	6
1. Medstudentrettleiing som gruppesamtale - med lærarar tilgjengeleg som støtte	6
2. Medstudentrettleiing som gruppesamtale - med lærar som prosessleiar	6
3. Medstudentrettleiing - som tekstarbeid	7
4. Medstudentrettleiing som gruppesamtale i Zoom - med lærar som prosessleiar	7
Tilbakemelding og evaluering	8
Avslutning	10
Referansar	11

Innleiing

I LSU har det tradisjonelt vore faglærarar som rettleiar, som gir formativ vurdering, ofte som eit supplement til ei summativ sluttvurdering av arbeidskrav, dvs. av eit produkt som skal vise kva studenten har lært. Når eit arbeid er vurdert til godkjent, opplever vi det som usikkert om framovermeldinga blir brukt til å utvikle kvaliteten i arbeidet. For at formativ vurdering skal ha verdi, må han derfor gjerast tidlegare i arbeidsprosessen, før sluttvurdering blir gjort. Her oppstår det eit rom for studenten si læring og trening av rettleiing som viktig profesjonskompetanse.

Medstudentrettleiing vart tatt i bruk av to grunnar. For det første fordi lærarar opplever eit behov for å aktivisere og myndiggjere studentar i individuell og kollektiv læring. Tanken var at studentar som tar medansvar for eigen og andre sine læringsaktivitetar opplever det som støtte for utvikling av medvit om eigen kompetanse og autoritetsgrunnlag som leiar og profesjonell yrkesutøvar (Muren, 2020, s. 6). For det andre fordi rettleiing er omtalt som ei arbeids- og læringsform som studentane kan møte i utdanninga og er knytt til sentrale læringsutbyttebeskrivingar i studieplan og emneplanar ved Høgskulen i Volda.

Forskingsspørsmålet har vore: **Korleis kan medstudentrettleiing brukast får å støtte studentar til å ta meir ansvar for eigen og andre si læring?**

Eg vil vidare i teksten presentere korleis medstudentrettleiing kan forståast, kva lærarar i LSU har valt å legge vekt på: Kva som er gjort og kva vi har lært gjennom erfaringar, tilbakemeldingar og evalueringar. Til slutt presenterast kva som kan vere lurt å gjere vidare for at medstudentrettleiing kan føre til aktivisering og myndiggjering av studentane slik at dei kan ta meir ansvar for eigen og andre si læring. Både som studentar og som framtidige barnehagelærarar.

Medstudentrettleiing som studentmedverkande formativ vurdering

Raaheim (2019, s. 21) skil mellom tre ulike typar vurdering: Sluttvurdering som vurdering **av læring**, formativ vurdering som vurdering **for læring** og studentmedverkande vurdering som vurdering **som læring**. I følge Adesemowo et.al., 2017 (i Raaheim, 2019, s. 29) bør studentmedverkande vurdering ha ein framoverretta funksjon, dvs. vere formativ. Med andre ord vere ei vurdering som skjer undervegs i ein prosess med å lage noko (Raaheim, 2019, s. 25). Det kan omtalast som framovermelding, som rettleiing som rettar merksemda mot det å vere på veg på ei læringsreise der ny forståing skal støttast fram gjennom samtalar for å styrke den andre sin meistringskompetanse (Mørreaunet, 2019, s. 161ff).

For at medstudentrettleiing skal fungere godt, er det viktig at studentane forstår kva som blir forventa av dei og korleis dei kan gi framovermeldingar til kvarandre. Det må prege pensum, undervisning og arbeidsmåtar i emnet. Vi må gi dei høve til å trene på å gi og ta i mot tilbakemelding frå medstudentar.

Ein slik måte å arbeide på, kan støtte læring av sjølvstende og tillit til eigen kompetanse både innan fag, rettleiing og dialog – kompetansar som er viktige for ein barnehagelærer (FuN, 2017, i Muren, 2020).

Kva har blitt gjort?

Vi har frå 2018 prøvd ut ulike metodar for studentmedverknad i formativ vurdering, av oss omtalt som *medstudentrettleiing*. Ho har vore knytt til skriftelege arbeidskrav og gjennomføring har vore obligatorisk. Fordi emneplanen til LSU legg vekt på utvikling av munnleg formidling og dialog mellom likestilte samtalepartnarar, vart samtale i grupper valt som føretrekt metode. Først i fysisk klasserom, etter kvart som videokonferanse. I møte med studentar på nett, i deltidsutdanninga, vart skrifteleg tilbakemelding forsøkt før vi valde å bruke videokonferanse. Teksten under beskriv kva vi har gjort:

1. Medstudentrettleiing som gruppesamtale - med lærarar tilgjengeleg som støtte

Studieåret 2018-19 gjennomførte vi medstudentrettleiing i eit individuelt arbeidskrav: Studenten skulle skrive ein individuell reflekterande tekst om leiarerfaringar frå praksis. Dei vart organisert i grupper for gjennomføring av rettleiing etter ein bestemt metode. Faglærarar var til stade som støtte viss studentane opplevde behov for dette. Etter denne økta, jobba studenten vidare med teksten og gjorde han ferdig til summativ vurdering av lærar.

Det var på førehand undervist om metoden og studentar fekk ei beskriving av kva dei skulle gjere når dei trente på metoden. Lærarar modellerte ikkje arbeidet, dvs. at metoden ikkje vart vist i bruk. Vi opplevde at studentane ønska at vi tok aktivt del i rettleiinga. Det vart ikkje gjort skriftelege evalueringar av tiltaket, men ønsket frå lærarar var å fortsette og vidareutvikle denne måten å arbeide på i emnet. Mellom anna fordi vi såg behovet for mengdetrening.

2. Medstudentrettleiing som gruppesamtale - med lærar som prosessleiar

Neste studieår, 2019-20, endra vi prosessen etter inspirasjon for korleis det vart gjort i ReKomp (Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage) i vår region. Alle grupper gjennomførte medstudentrettleiing med lærar til stade som prosessleiar. Det vart organisert grupper på fire studentar og dei fekk utlevert ei beskriving av planlagt rettleiingsprosess og rolleforventingar knytt til medstudentrettleiing, sjå vedlegg 1.

Arbeidet vart ikkje knytt til undervisning om rettleiing og vart ikkje modellert av lærar. Heller ikkje denne gongen vart det gjennomført ei skrifteleg oppsummering etter økta, men lærarar og emneansvarleg oppsummerte også denne gongen med eit å fortsette å utvikle medstudentrettleiing som arbeidsmåte i undervisninga. Både fordi studieprogramplan og emneplan omtalar rettleiing som arbeidsmåte og læringsutbytte og fordi vi fekk uformelle tilbakemeldingar frå studentar om opplevd kompetanse blant

sine egne: *Det vart kjekt å oppleve å kunne hjelpe kvarandre, å vere meir kompetente enn dei trudde før dei møttest.*

3. Medstudentrettleiing - som tekstarbeid

Våren 2020 vart verda endra for lærarar og studentar, Covid-19 gjorde at all undervising vart flytta til digitale plattformer og også medstudentrettleiing måtte gjerast digitalt. Vi var usikre på korleis vi kunne gjere dette som videokonferanse og valte først å gjere det skrifteleg i Canvas, i funksjonen «fagfellevurdering».

Studentane måtte innan gitte fristar levere tekstar i Canvas der systemet var programmert til automatisk tildeling av medstudenttekstar. Her bestemte lærar kor mange tekstar studenten skulle rettleie og korleis det skal gjerast, både i høve til metode og systemteknisk. Systemteknisk prøvde vi både anonym og ikkje-anonym rettleiing, rettleiing i kommentarfelt og i vurderingsrubrikk og rettleiing på ein eller fleire tekstar. Av metodar har vi brukt TAG-metoden (NMBU, 2020):

Tell (fortel om): 3 ting eg synest teksten er god på (og korfor)

Ask (spør om): 2 ting eg er usikker på og treng vite meir om

Gir retning : 1 ting eg foreslår at du kan arbeide meir med.

Undervising om metoden vart gjort som ei kort tekstleg beskriving. Arbeidet vart ikkje modellert av lærar. Igjen manglar vi ei formell evaluering av tiltaket, men uformelle tilbakemeldingar frå studentar handla om at dei sakna meir aktive lærarar i prosessen. Både for å kontrollere at medstudentar gjorde ein god nok jobb og som ein garantist av kvalitet i eigen tekst.

4. Medstudentrettleiing som gruppesamtale i Zoom - med lærar som prosessleiar

Skuleåret 2020-21 var lærarar blitt tryggare på bruk av videokonferansesystemet vårt. Mellom anna hadde vi oppdaga og fått erfaring med funksjonen «break-out rooms» som gjorde det mogleg å gjennomføre medstudentrettleiing som videosamtale. Sidan emneplanen til LSU legg vekt på munnlege ferdigheiter framfor skriftelege, valde vi å gå over til Zoom.

Denne gongen valde vi at lærar ikkje vandra mellom dei digitale romma, men at ein av oss var tilgjengeleg i fellesrommet. Vi gjorde dette av fleire grunnar: Fleire nye lærar, arbeidspress pga. pandemien og trua på at lærar sitt fråvere kunne støtte myndiggjering av studentane. Samtidig vart det erfart at det ved nokre høve vart det ventetid for tilgang til den eine læraren som var til stade. Vi møtte dette ved at alle grupper, etter egne gruppesamtalar, fekk møte faglærarar for samtale om prosessen.

Det var gjennomført undervising om rettleiing, men grunna endringar i lærargruppa er det usikkert i kva grad dette vart kopla til det studentane skulle trene på i arbeidskrava. Arbeidet vart ikkje modellert for

studentane. Studentane fekk høve til å delta i evaluering av prosessen, i ei spørjeundersøking, og tilbakemeldingane har vore verdifulle i vurdering av kva som er lært og kva som er lurt å gjere vidare.

Tilbakemelding og evaluering

I denne delen beskriv eg studentar og lærer sine erfaringar og tilbakemeldingar. Dei er presentert etter gjort-lært-lurt (GLL)-metoden (Tiller, u.å.) med vekt på kva som lært og kva som kan vere lurt å gjere vidare i arbeidet med å ansvarleggjere studentar for eigen og andre si læring.

Dei første åra var evalueringa gjort uformelt og først i studieåret 2020-21 starta vi med systematiske studentevaluering av undervisning, også av bruk av medstudentrettleiing i arbeidskrav. Undersøkinga vart gjennomført i Canvas. På spørsmål om opplevd nytteverdi, fordeler svara seg slik:

Klasse / Nytteverdi	Høg	Middels	Lite	Usikker
Deltid	14 (47%)	12 (40%)	4 (4%)	-
Heiltid	20 (35%)	24 (42%)	12 (21%)	1 (2%)

Tabellen viser at det store fleirtalet fortel av dei opplevde medstudentrettleiing som nyttig. Nokre har ikkje opplevd nytten og dei fortel at dei ikkje opplevde seg sjølve og/eller medstudent som førebudde, at dei heller ville ha rettleiing frå student som dei samarbeidde med eller at dei sakna konkrete tips om korleis dei kunne arbeide i rettleiing (t.d. først å skrive ned og dele tankar om det som er lest og etterpå formidle dette munnleg). Ein fortel at han ikkje stoler på medstudentar sin kompetanse.

I undersøkinga vart studentane også bedne om å fortelje om meir konkret om kva dei opplevde som bra med medstudentrettleiing. Det store fleirtalet, også studentar som fortel dei arbeider best åleine, trekk fram medstudentrettleiing som viktig og riktig å gjere, og tekstane under konkretiserer grunngevingar frå fleire studentar. Svar knytt til same tematikk er samla i felles avsnitt.

Veldig kjekt å ha medstudentrettleiing. Høre litt hva andre gjør og hvordan de løser oppgaven. Det gjorde meg tryggere på at jeg er på rett vei. ... oppdaget hvor mye hjelp det er å få av veiledning fra medstudenter ... godt å møte andre som er like usikker som meg, det ... hjalp meg mest. ... Jeg fikk mange gode tips og måter å løse oppgaven på, jeg fikk rett og slett flere perspektiv på oppgaven.

Å være ... tydelig nok på hva vi ønsket veiledning på når det gjeldt planen vår ... så hadde det trolig vært lettere for medstudentene også. ...

... kor kompleks det er å gje tilbakemelding til medstudentar. Det å verkeleg leite i tekstane deira etter noko dei kan å forbedre eller tenke gjennom var vanskeleg. Men endå vanskeligare var det å gje "kritikk" til noko som allerede var bra, og uttrykkje meg på ein måte som ikkje er negativ.

... I denne oppgaven tenkte jeg selv at det ikke var så nødvendig med så mye veiledning til medstudenter. Jeg gikk inn med denne holdningen, men så fort vi kom ut i breakoutrooms så endret denne holdningen seg. Det er så trygt å hjelpende kunne diskutere sammen med andre studenter om samme oppgave, samtidig få et annet perspektiv på oppgaven. Det å komme med ideer og tips har hjulpet meg mye, og jeg har følt at denne oppgaven har vært med på å styrke min refleksjon, valg, begrunnelser og tanker om eget arbeid.

Jeg har lært at medstudentrespons er noe nyttig som ikke er smart å takke nei til dersom du har muligheten til å delta. Grunnen til dette er fordi at selv om du føler du ikke trenger veiledning, kan du hjelpe andre, og spørsmål dukker opp etter hvert. Medstudentrespons er også en bra ting med tanke på støtte og motivasjon.»

Oppgåva og medstudentrespons har hjulpet meg til å reflekterere godt over meg sjølv som leiar og gjort meg meir bevisst kor viktig det er med å stå opp for meg sjølv og samarbeide med andre.

Varierte i kvalitet, men uansett nyttig å forklare til andre for å finne ut kva ein sjølv forstår.

Dette bør de lære studentar allereie i 1ste klasse (munnleg tilbakemelding frå student)

I tillegg vart det fortalt om læring av

... kor kompleks det er å gje tilbakemelding til medstudentar. Det å verkeleg leite i tekstane deira etter noko dei kan å forbedre eller tenke gjennom var vanskeleg. Men endå vanskeligare var det å gje "kritikk" til noko som allerede var bra, og uttrykkje meg på ein måte som ikkje er negativ.

Færre var negative, nokre få hadde forslag til endringar:

Gå bort frå medstudentrespons, det vart den blinde som førte den blinde. Vi var for usikre på hva vi skulle gjøre.

Vere meir spesifikke på forventing til metode brukt i medstudentrespons.

... jeg tenker at flere omganger med medstudentrespons kunne gjort oppgaven bedre.

Ikke alle med studenter er so motivert.. det går over til oss som vil lære noke

Tilbakemeldingane frå studentane tolkast som at vi har kome eit godt stykke på veg for å nå måla om å aktivisere og myndiggjere studentane til å ta medansvar for eigen og andre si læring. I tillegg ser vi at fleire fortel om læring av viktige kommunikative ferdigheiter innan rettleiing. Majoriteten fortel at dei har erfart arbeidsforma som kompleks og krevjande, nyttig og verdifull. Når fleire fortel at rettleiing frå medstudentar gjorde at dei opplevde tryggleik og fekk styrke refleksjon og grunngevingar, tolast det

som at dei opplevde seg sjølv og kvarandre som kompetente. Det er ein god byggjestein i ta med til eige autoritetsgrunnlag som barnehagelærar.

Tilbakemeldingane viser også potensiale for utvikling. Kva med dei som opplevde dette som at «det vart den blinde som førte den blinde»? Ei god løysing kan vere ho som studentane sjølve foreslår: At vi må vere meir konkret på forventning til metode som skal brukast, mellom anna med krav om å gi kvarandre rettleiingsbestillingar. Då kan vi kome eit skritt vidare på vegen til at dei tar meir ansvar for eigen og andre si læring.

Lærarar har evaluert metodar brukt i meir eller mindre uformelle samtalar, ofte rett etter gjennomføring. Det har ført til at gradvis justering i seinare gjennomføringar. Saman med refleksjonar over studentevalueringa gjort 2020-21, har vi kome fram til at for at medstudentrettleiing kan støtte studentar til å ta meir ansvar for eigen og andre si læring, er det viktig med:

God, mellom anna jamleg, informasjon om føremålet med medstudentrettleiing. Til dømes ved å vise til emneplanen og til at rettleiing er ein sentral oppgåve for barnehagelærarar – fordi vi trur at dette kan verke motiverande for aktivitet.

Undervisning om rettleiing som er tett kopla til medstudentrettleiing som skal gjennomførast, også med val av metode og praktisk gjennomføring. Her kan modellering for studentar og høve til å trene vere aktuelle undervisningsaktivitetar. Då kan vi også kome inn på tematikkar som motivasjon og betydning av å møte førebudd til rettleiing.

Å halde fast på rettleiing gjennom gruppesamtale framfor å gjere det skrifteleg – fordi det er meir relevant for profesjonen som studentane utdannar seg til.

Så langt råd ha lærar tilgjengeleg som prosessleiar, om mogleg ha med fleire enn ein lærar i denne delen av rettleiinga. Når medstudentrettleiing må gjerast i grupper utan lærar til stade, bør det leggst inn eit treffpunkt med lærar etter gjennomføringa. For eksempel om erfaringar gjort og som samtale om saker som står att som uløyste etter medstudentrettleiing.

Kort oppsummert handlar det fortsatt om å få fram samanhengar mellom pensum, undervisning og arbeidsmåtar i emnet, på tvers av fag som er representert i emnet.

Avslutning

Medstudentrettleiing vart tatt i bruk for å støtte studentar til å ta meir ansvar for eigen og andre si læring og gi dei høve til å trene på rettleiingsferdigheiter. Når mange studentar fortel at dei, for nokre overraskande, opplever seg som kompetente i møte med medstudentar, tolkast det som at medstudentrettleiinga har fungert etter intensjonen for dei fleste. Dei har fått kunnskap og

ferdigheitstrening som kan ha positiv betydning for utvikling av autoritetsgrunnlag som profesjonelle barnehagelærarar. Eit mindretal fortel at dei ikkje opplever medstudentrettleiinga som nyttig. Desse melder om manglande motivasjon og førebuing som grunn. Kanskje ser dei ikkje at dette handlar om trening på ferdigheiter som er ei kjerneoppgåve for profesjonen som dei utdannar seg til? Dette samsvarer i høg grad med korleis lærarar har opplevd medstudentrettleiing og fører til konkrete forslag for utvikling av kvalitet i arbeidsforma: 1) Informasjon om føremålet. 2) Undervisning som er tett kopla til oppgåva, både i val av pensum og aktivitetar samt å bruke modellering som undervisningsaktivitet. 3) Mange høve til ferdigheitstrening og 4) Lærar som prosessrettleiar framfor å vere «han med fasiten». Det kan føre til at studenten erfarer meir tydelege bruer mellom undervisning om rettleiing og bruk av medstudentrettleiing i arbeidskrav. Dette samsvarer godt med det som er skrive tidlegare i teksten: Skal medstudentrettleiing fungere, må studentar forstå kva som blir forventa av dei og korleis dei skal gjere det. Det må prege pensum, undervisning og arbeidsmåtar i emnet.

Referansar

FUN (2017). *Kvalitet i nettundervisning* : en veileder. Fleksibel utdanning Norge.

Muren, H. (2020). *Baklengs planlegging for samstemt undervisning i emnet BLULSU ved Høgskulen i Volda*. Henta frå <https://hdl.handle.net/11250/2676137>

Mørreaunet, S. (2019). Ledelse av en veiledning i en lærende barnehage. I S. Mørreaunet, K.-Å.

Gotvassli, K. H. Moen & E. Skogen (Red.). *Ledelse av en lærende barnehage* (2. utg.). Fagbokforlaget.

NMBU (10.07.20). *Kvarandrevurdering*. Henta frå

<https://www.nmbu.no/ansatt/laringssenteret/verktoy/u-verktoy/node/35530>

Raaheim, A. (2019). *Eksamensrevolusjonen: råd og tips om eksamen og alternative vurderingsformer* (2. utg.). Gyldendal.